

Dato: 18.05.2015
Arkiv: 033

22

Kontrollutvalet

SAK 22/15 RAPPPORT FRÅ ORIENTERINGSBESØK VED GURSKEN OPPVEKSTSENTER

Vedlegg:

Rapport frå orienteringsbesøk ved Gursken oppvekstsenter

Saksopplysningar:

I samband med utvalet sitt møte den 26.02.2015 vart orienteringsbesøket gjennomført.

For meir og detaljert informasjon visast det til rapporten.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek til vitende rapport frå orienteringsbesøk ved Gursken oppvekstsenter 26.02.2015.

Jostein Støylen
Dagleg leiar

Ida Birgitte Marholm
Sekretær

Kontrollutvalet i Sande kommune

**Rapport
frå orienteringsbesøk ved
Gursken oppvekstsenter
26. februar 2015**

INNHALD

INNLEIING	3
BAKGRUNN	3
MÅLSETTING	3
GJENNOMFØRING	3
KONTROLLUTVALET SINE KOMMENTARAR	4
GENERELT OM OPPVEKSTSENTERET	4
UTGANGSPUNKT FOR KONTROLLUTVALET SINE VURDERINGAR	5
GENERELT	5
LUFTKVALITET/VENTILASJON	5
BYGG/VEDLIKEHALD	5
BRANNVERN	6
UTEOMRÅDE	6
HÆRVERK/SKADEVERK	6
VAKTMESTERTENESTA	6
DATA	6
SKILTING	6
OPPSUMMERING/KONKLUSJON	6
AVSLUTNING	6

INNLEIING

BAKGRUNN

Kontrollutvalet si hovudoppgåve er i følge kommunelova § 77 å føre tilsyn med forvaltninga i kommunen på vegne av kommunestyret.

Kontrollutvalet nyttar primært kommunerevisjonen til å *utføre* prioriterte kontrollhandlingar, men kan i tillegg utøve sjølvstendige tilsynsfunksjonar, som til dømes orienteringsbesøk hos tenesteprodusentane i kommunen.

MÅLSETTING

Føremålet med tilsynsbesøk er å gi kontrollutvalet oversikt over det kommunen forvaltar og som kontrollutvalet skal føre tilsyn med, slik at kontrollutvalet har grunnlag for å vurdere om drifta skjer i samsvar med gjeldande reglar, vedtak og intensjonar.

GJENNOMFØRING

Tilsynsbesøket vart gjennomført 26. februar 2015, og følgjande personar var til stades:

Frå skulen:	Rektor Tor Almestad Verneombod og lærar Linda Stridh Vaktmester Gerhard Hauge (deler av tida)
Frå kontrollutvalet:	Olav Myklebust, leiar Wenche Gjerde Sætre, nestleiar Marianne Brune Leikanger, medlem Torbjørn Rekdal snr., vara
Vest kontroll:	Jostein Støylen
Søre Sunnmøre kommunerevisjon:	Halldis Moltu

Rektor Tor Almestad orienterte og svarte på spørsmål, også i samband med omvising inne på skulen og i tilstøytande uteområde.

Kontrollutvalet gjere merksam på at dei ikkje er faginstans/fagfolk på områda som er omtala i rapporten. Rapporten omtalar det utvalet har registrert på sitt besøk, samt fått greie på ved intervju/samtale med rektor.

KONTROLLUTVALET SINE KOMMENTARAR

GENERELT OM OPPVEKSTSENTERET

FAKTAOPPLYSNINGAR:

Oppvekstsenteret består av barneskule, ungdomsskule og SFO- ordning. Skuleåret 2014/2015 er det 63 elevar på barneskulen og 85 elevar på ungdomsskulen. På SFO ordningar deltek 12 elevar.

Ungdomsskulebygget vart bygd i 1975.
Symjehallen vart bygd i 1976.
Barneskulen vart bygd i 2005.

Det er 13 tilsette i ungdomsskulen, med utdanning/bakgrunn som adjunkt/adjunkt med tilleggsutdanning og lektor. I barneskulen er det 9 tilsette, med utdanning/bakgrunn som adjunkt/adjunkt med tilleggsutdanning og førskulelærarar. På SFO er det 3 assistentar utan fagbrev.

I tillegg til dette er det 4 reingjeringspersonale, rektor 100%, undervisningsinspektør 100%, kontormedarbeidar 40% og rådgjevar 25%.

Oppvekstsenteret har avtale med Høgskulen i Volda, lærarutdanninga om å ta inn studentar i undervisninga. Tre av lærarane har teke mentorutdanning for å vere godkjente praksislærarar. Samarbeidet med høgskulemiljøet bidreg til at kollegiet blir eit lærande fellesskap der ny forskning på skule og utdanning står sentralt.

Oppvekstsenteret har ei stor utfordring med framandspråklege elevar. Skulen har lærarar som har tatt vidareutdanning i norskopplæring for framandspråklege.

Vaksenopplæringa for kommunen er lagt til oppvekstsenteret, noko rektor meiner er til fordel for begge «partar».

Rektor opplyser vidare at rekrutteringa av lærarar til skulen er bra.

ANDRE TILHØVE REKTOR YNSKJER Å TA FRAM:

Skulen arbeider mykje med utviklingsarbeid og med å skape eit trygt og godt oppvekst- og læringsmiljø. Viktig element i dette er:

1. Skulen sitt arbeid for eit trygt og godt læringsmiljø tek utgangspunkt i arbeidet med PALS. Dette er eit arbeid som er inne i sitt 5. år. PALS er vedtatt innført i alle skular og barnehagar i Sande frå 2015.
2. Trivselsprogrammet er også ein viktig del av arbeidet med å skape eit trygt og godt oppvekst- og læringsmiljø. Programmet er eit samarbeid mellom skulen og FAU.
3. Skulen er med på den statlege ungdomstrinnsatsinga der vårt arbeid er knytt til klasseleing og lesing.
4. Kommunen og skulen satsar tungt på etter- og vidareutdanning. Fleire lærarar deltek i den nasjonale satsinga på etterutdanning. Nye lærarar står for tur til å starte etterutdanning hausten 2015.
5. Skulen har eit godt samarbeid med andre kommunale instansar som helsestasjon, PPT, bibliotek og barnevern. Skulen samarbeider også tett med blant anna Kleven Myklebust og andre private verksemdar i kommunen.

UTGANGSPUNKT FOR KONTROLLUTVALET SINE

VURDERINGAR

Etter kommunelova § 76 har kommunestyret det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga. Kommunelova § 77 seier at kontrollutvalet skal gjere det løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på sine vegne.

Meir presiseringa av kontrollutvalet sitt arbeid finn ein i forskrift om kontrollutval som er fastsett av Kommunal og regionaldepartementet.

På grunnlag av det gjennomførte orienteringsbesøket ved Gursken oppvekstsenter, har kontrollutvalet merka seg følgjande:

GENERELT

- Barneskulen er det nyaste bygget, og gav eit svært godt inntrykk.
- SFO hadde gode tilhøve
- Ungdomsskulebygget var godt vedlikehald, men bar eit viss preg av alder.
- Symjehallen var ute av funksjon. Ikkje særleg tiltalande.

LUFTKVALITET/VENTILASJON/ROMTEMPERATUR/STØY

- Luftkvaliteten var god i barneskulen.
- Gamalt ventilasjonsanlegg i ungdomsskulen, og ikkje særleg godt
- Varierende romtemperatur i ungdomsskulen.
- Mykje støy

BYGG/VEDLIKEHALD/REINHALD

Her vel ein å dele inn byggja.

Barneskulen:

- Alt såg bra ut.

Ungdomsskulen:

- Tilhøva til lærarane virka ikkje særleg gode
- Toaletta var ikkje særleg tiltalande
- Garderobetilhøva var lite tilfredsstillande
- Administrasjonsfløyen hadde fått nytt tak
- I undervisningsdelen/fløyen som ikkje var skifta tak enno, forekom det lekkasje
- Ved byting av vindu, bør det takast omsyn til at desse kan brukast som rømningsveg ved brann
- Alle klasseroma var mala kvite siste åra, hadde god effekt. Dataromet står att.
- Grupperom hadde ikkje vindaug.

Aktivitetsbygget:

- Høgt støynivå i formingsromet
- Manglande solblending i enkelte områder bl.a. skulekjøkenet
- Dårleg lystilhøve i maskinromet (datamaskiner)

Symjehallen

- Ikkje i bruk
- Arbeid må utførast dersom denne skal takast i bruk igjen

BRANNVERN

- Lite med øvingar, men det er gitt informasjon om kva som skal gjerast ved brann
- Rømningsvegane ved ungdomsskulen burde vore betre.

UTEOMRÅDE

- Uteområdet for barneskulen var flott, med eige område med leikeapparat
- Uteområdet for ungdomsskulen kunne ha vore betre

HÆRVERK/SKADEVERK

- Det er lite hærverk på skulen.

VAKTMEISTERTENESTA

- Skulen har eigen vaktmeister to dagar i veka.

DATA

- Bra datasamband, men mange gamle datamaskiner

SKILTING

- Utvendig og innvendig skilting kan bli betre.
- Skilt til rømningsveg og brann såg mangelfull ut.

OPPSUMMERING/KONKLUSJON

- Taket på ungdomsskulebygget er ikkje tilfredsstillande
- Symjehallen må «oppgraderast» dersom den skal takast i bruk igjen
- Det bør vurderast å utføre brannøving der elevane får vere med på evakuering
- Kontortilhøve for lærarane på ungdomsskulen er ikkje helt tilfredsstillande
- Støytilhøve i formingsavdelinga er ikkje tilfredsstillande
- Det er ikkje tilfredsstillande/manglande på skulekjøkenet
- Toalett-tilhøva på ungdomsskulen er lite tilfredsstillande
- Det vert vist til bilda som var tekne i samband med orienteringsbesøket. Desse ligg ved saka.
- Det er lite eller ingen skilting utvendig ved skulen
- Uteområdet ved ungdomsskulen kan gjerast betre

AVSLUTNING

- Kontrollutvalet takkar oppvekstsenteret v/ rektor og dei andre av personalet som tok seg tid å vere med på omvisinga, gi oss informasjon og dei andre som vi fekk snakke med.

Larsnes, 26.02.2015 / 01.06.2015

Olav Myklebust
leiar

Wenche Gjerde Sætre
nestleiar

Marianne Brune Leikanger
medlem

Torbjørn Rekdal snr.
varamedlem

Jostein Støylen
Dagleg Leiar
Vest kontroll









